

# VÅR 2026



**MEDMENNESKE**  
PSYKOLOGISK THRILLER  
PÅ HOVUDSCENEN

**KOMMUNION**  
HUMORISTISK OM LIVET  
OG FELLESKAPEN FRÅ LARS NORÉN

**EUROPAVISJONAR**  
HIT-MUSIKALEN  
MINUTT FOR MINUTT

PIPPI PÅ SIRKUS

**VERDAS STERKASTE JENTE  
ER ENDELEG TILBAKE**

DET  
NORSKE  
TEATRET



Ameli Isungset Agbota Amell Basic Ane Dahl Torp Astin Souleymane Axel Ahl Carl Martin Eggesbø Charlotte Frogner Christian Ruud Kallum Ellen Birgitte Winther Emil Johnsen




Francisco Kalle Navarro Frank Kjosås Frode Winther Gard Skagestad Geir Kvarme Gina Bernhoft Gørvell Glenn André Kaada Gjertrud Jynge Hallvard Holmen Heidi Gjermundsen Broch



Hibba Najeeb Hilde Olausson Iben Alida Carlsen Ina Svenningdal Ingeborg S. Raustøl Ingrid Jørgensen Dragland Iren Reppen Jae Nyamburah Joachim Rafaelsen Johan Hveem Maurud



Jon Bleiklie Devik Julie Moe Sandø Kaia Varjord Ken-Philippe Tete Kenneth Homstad Kim Helge Strømme Kirsti Refseth Kjersti Dalseide Kyrre Hellum Lasse Kolsrud



Leo Magnus de la Nuez Lukas Ivanov Marianne Krogh Marie Blokhus Max Olsson Mimmi Tamba Mohammed Aden Ali Mona Huang Morten Svartveit Natalie Bjerke Roland



Nikolas Pulka Oddgeir Thune Ola G. Furuseth Paul-Ottar Haga Per Schaanning Preben Hodneland Pål Christian Eggen Rafid Arsalan Islam Randin Kummeneje Sara Khorami



Sara Runsten Seda Witt Serhat Yildirim Sigrid Kandal Husjord Svein Roger Karlsen Tamar Ohana Goksøyr Thea Lambrechts Vaulen Tord Kinge Vette Bergan Øyvind Berven

# DRØYM SAMMAN!



Utan draumar er vi ingenting; av voner og draum er livet vevd, seier Olav Duun i romanen *Medmenneske*. I 2026 feirar vi Olav Duun 150 år, og vi på Det Norske Teatret møter våren med store draumar og sterk kraft. Vi drøymmer om ei betre verd, og vi veit at teateret kan gjere ein forskjell.

Å prøve å leve seg inn i livet til andre menneske – menneske som lever i andre kroppar, andre verder og med andre føresetnader – er kanskje noko av det viktigaste vi kan gjere. Å vere til stades, ikkje berre hos oss sjølve, men hos den som er, og tenkjer heilt annleis. Å prøve å forstå den andre.

Det er dette som er teater.

Enten du vil gå på sirkus med Pippi, sluke greske tragediar, fordjupe deg i Midtausten, undersøkje kva det vil seie å vere eit godt menneske, eller berre sjå *Europavisjonar EIN GONG TIL*, vonar eg du finn mot og begeistring i vårens repertoar.

Vi er mektig stolte av å presentere eit program som plasserer seg midt i tida og tør å stille dei store spørsmåla!

Velkomen!

A handwritten signature in black ink, which appears to read 'Kjersti Horn'.

Kjersti Horn, Teatersjef

# Ø Å VERE EIT MEDMENNESKE?

Johannes Holmen Dahl har regien på Olav Duuns storverk som får premiere i januar på Hovudscenen.

Tekst: Ida Michaelsen  
Foto: Ole Herman Andersen

**H**an meiner alle karakterane i stykket utgjør bestanddelane i eit heilt menneske. Og viser kor avhengige vi er av at fellesskapen fungerer.

- Vi har alle det i oss. Lengt, håp og drifter, men vi er også kapable til å manipulere, kjempe og drepe, for den del, seier Holmen Dahl.

På Stavsund har Håkon tatt over garden. Den unge kona hans, Ragnhild, prøver å finne plassen sin i ein familie der forholda er utfordrande. Ein svoger har emigrert til Amerika. Grunnen kan kanskje ligg i svigerfar Didriks dominerande vesen. Han har vanskar med å trø til sides og overlate drifta til det unge paret. Svigermor Tale lever i eit ekteskap prega av psykisk og fysisk vald ho ikkje maktar å flykte frå. På loftet ligger gammaltanta sjuk. Lea, halvsøstera til Håkon, melder seg og vil ha morsarven. Og midt i dette giftige familiemiljøet forsøker Ragnhild å skaffe seg eit liv.

- Ein kan spekulere og diskutere i det endelause kva som eigentleg skjer på denne garden. Men nokre ting går igjen i menneskesinnet. Det å kome seg opp og fram, er hos visse ei sterk drivkraft. Somme er forsmådde og søker anerkjenning



I Johannes Holmen Dahl sin regi blir *Medmenneske* ein suggererende, psykologisk thriller.

# MEDMENNESKE

av Olav Duun  
Regissør: Johannes Holmen Dahl  
Premiere 17. januar 2026

og det kan utarte i ei destruktiv retning. Regissøren ser to menneske som ønsker å bli sett og forstått. Det som driv dei er å leie alle i den retninga dei sjølv ønsker. Ragnhild er sterkare enn ektemannen. Det gjer henne til ein likeverdig motstandar for svigerfaren. Han har respekt for henne.

- Kva Ragnhild har opplevd i barndommen er uvisst, men det pregar henne sterkt. Det utviklar seg til ei sterk gudstru og ho opplever at håpet ho finn i Gud er med å påverke lagnaden. Det gir henne ei overtyding om at ho har sterke krefter i seg som gjer at når ho ikkje lykkast i prosjektet om garden, eller får til forsoninga mellom far og son, kjem ho i konflikt med noko som er større enn seg sjølv. Ho vil også ha rett, og den fornuftige, gode og balanserte Ragnhild får trekk som i større grad liknar dei hos svigerfaren. Det er ei gradvis utvikling, frå å vere sympatisk og god, til å bli ho som tar på seg ei handling ho ser på som naudsynt. Ho gjer det for ektemannen, på eit vis. Ho er ei brikke i eit skjebnedrama.

Johannes Holmen Dahl er fascinert av universet til Duun. Mørke epos, eller skjebnetunge drama, har alltid trigga nysgjerrigheita hans. Også fordi det ofte ligg så mange lag der.

- Det er vanvitig mykje galgenhumor og råskap i dette stoffet, og delar av populærkulturen handlar om dette, eigentleg. Det er desse forteljingane vi konsumerer gjennom film og seriar heile tida, dei kule universa, gjerne lagt til ein annan tidsperiode, med sterke familieklanar og innbyrdes oppgjer, det er jo litt i den sjangeren. *Medmenneske* er lagt til eit trøndersk bondesamfunn mot slutten av 1800-talet. Da romanen blei utgitt i 1929, blei han hylla for å vere både moderne og tidlaus.

- Det er ei tid med omvelting, og romanen handlar også om framstega i bondekulturen. Duun behandlar modernitetens inntog og syner dette gjennom jaget etter å henge med

*«Det er vanvitig mykje galgenhumor og råskap i dette stoffet.»*

i utviklinga. Kven tar steget inn i det nye? Det er eitt aspekt ved boka. Men eit anna aspekt, som også er universelt, er konflikten som følgjer ved å bu tett på familie, eller å drive noko saman med familie.

Johannes Holmen Dahl innrømmer at heller ikkje familien hans har vore skåna for slike oppgjer.

- Det kan jo vere undertrykte kjensler som kjem til overflata. I *Medmenneske* viser det seg at den gamle ikkje er klar til å vike. Det er ei forteljing både om å leve i ein fellesskap, om eit generasjonsskifte, om å tre til sides, stole på dei som kjem etter og å gi slepp. Om at sjølv dei beste hensiktene kan føre til vonde gjerningar. Far/son-konflikten er dominerande i forteljinga. Ein far som kastar skugge over den neste generasjonen. Ein son som ikkje tør eller orkar å ta eit kraftig oppgjer. Og kvinnene rundt som vel ulike strategiar.

- Det er fascinerande, for dette er saker vi ofte les om i media. Konflikten er ofte meir betent når slektskap kjem inn i familiebedrifta, anten det er i bondekulturen, idrettsverda eller forretningslivet. Det spissar seg fort til, og blir veldig destruktivt. Livet er øydelagt, for alle, eigentleg. Tragedien blir nesten fullkommen når søner ikkje får tatt eit rettmessig oppgjer med far sin. Ein kan jo spørje seg korleis det hadde gått med Ragnhild – og Håkon – dersom ho ikkje hadde innrømt brotsverket. Det er nok av døme på at det ikkje skjer. Ingen vil ta på seg skulda, og det vonde blir del av familiearven.

# EIT FORSVAR FOR DÆVELEN OG DRAPSKVINNA

Ameli Isungset Agbota spelar den gode og velmeinande Ragnhild i *Medmenneske*. Geir Kvarme går inn i rolla som svigerfaren Didrik med aukenamnet Dævel. Begge ser det som sin jobb å forsvare rolla dei spelar.

Tekst: Ida Michaelsen og Erlend Tårnesvik Dreiås  
Foto: Siren Høyland Sæter og Ole Herman Andersen

**D**et er ikkje eit idyllisk bondeliv Olav Duun skildrar. *Medmenneske* liknar meir på ein psykologisk thriller der eit snikande ubehag konstant dirrar under overflata. Eit omen om at noko kjem til å skje. Spørsmål om vondskapen i menneske, har følgt boka sidan ho kom ut for snart hundre år sidan.

## Vonlausheimen

Handlinga er lagt til eit lite, norsk kystsamfunn på slutten av 1800-talet. Ragnhild og Håkon har tatt over familiegarden på Stavsund, og dei har eit lite barn. Men i kårbustaden er svigerforeldra Didrik og Tale. «Vonlausheimen», blir garden kalla. Ein heim der det ikkje finst håp.

- Stemninga på denne garden er ikkje noko særleg. Det er Didrik som er rota til – om ikkje alt vondt, så – alle konfliktane på garden. Folk er redde for Didrik, fortel Ameli Isungset Agbota. Geir Kvarme er einig:
- Didrik er utan tvil ein karakter som skapar ein del friksjon og uro rundt seg. Han har, som vi alle, ei historie og ein personlegdom og er ein utspekulert taktikar. Han har drifta eit relativt stort gardsbruk som han på eit tidspunkt har gitt frå seg til sonen, Håkon. Ein eldre son, Johannes, har dratt til Amerika. Det blir sagt at han ikkje orka å bli igjen på garden, med familien, på grunn av Didrik. Det ligg som eit bakteppe. Didrik angrar seg for å ha gitt frå seg garden for tidleg. Det passar ikkje heilt. Og han har nok inntrykket av at han overlèt garden til ein som det ikkje er nok tak i.

Tilbake sit Håkon. Men mellom han og faren har det blitt ein bitter kamp mellom ulike generasjonar og ulike personlegdommar. Spørsmålet er kven som skal bygge eit moderne kvernbruk og sag, og føre den nye tida inn i bygda. Didrik skyr ingen middel for å oppnå det han vil. Han skaffar seg fiendar uansett kor han snur seg. Ikkje minst sin eigen son.



Les intervjuet «Det gode mennesket» med skodespelar Ameli Isungset Agbota på [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no)

### Den gode Ragnhild

Midt i dette står Ragnhild, og prøver så godt ho kan å få alle til å vere vener og vel forlikte. Ho prøver å sjå det gode i folk, også i svigerfaren. Det er mykje i Ragnhild Ameli kan kjenne seg igjen i.

- Etter at eg blei vaksen sjølv, synest eg det er fascinerande at vaksne folk ikkje klarar å snakke til kvarandre på ein all right måte. Når eg møter sånne menneske, tenkjer eg «skjerpings», og det trur eg Ragnhild også gjer. Ho er på ein måte tøymluknaren i familien. Ho prøver å mjukne opp forholdet med svigerforeldra, med Håkon, og eigentleg alle i dette universet. Ho er eit menneske som har trua på at folk vil kvarandre vel. Kanskje det er det som til slutt tek knekken på henne, undrar Ameli.

I tillegg til den store trua på det gode i menneska, har Ragnhild også ei religiøs tru som står sterkt i henne.

- Ragnhild er litt ekstraordinær. Ho trur på noko som er større enn henne sjølv, og tenkjer ho har ei direkte linje opp til Gud. Når ho tidlegare i livet har vore i vanskelege situasjonar, har ho bedd til Gud, og så har det løyst seg.

### Eit ufortent dårleg rykte

- Didrik har eit rykte som den inkarnerte vondskapen. Både litteraturvitarar og forlag har vore tydelege der. Mi oppgåve er å forsvare han, seier Geir Kvarme.

Han meiner det ikkje er vanskeleg å setje seg inn i Didrik sin psykiske ståstad.

- Det er her Duun er moderne, synest eg. Når noko har vore ein vesentleg del av livet ditt, av identiteten din, i dette tilfelle garden Stav Sund, er det ikkje rart at du nødig gir slepp på det. Dette er kanskje meir presserande i vår tid og vår kultur, der mykje handlar om å realisere seg sjølv. Duun har eit frampeik her som går rett inn i livet og sjølvforståinga til det moderne mennesket.

Det viser seg at korkje Ragnhild eller Didrik er berre god, eller vond. Ragnhild er den som til slutt utfører ei grufull handling. Didrik har terga på seg feil person.

- Men eg synest det er lett å forsvare Ragnhild. Eg forstår kvifor ho gjer det ho gjer. Kanskje ikkje da eg las boka første gongen, men det har skjedd ei utvikling. No synest eg ikkje det er vanskeleg i det heile, konkluderer Ameli Isungset Agbota.



Les intervjuet «Eit ufortent dårleg rykte» med skodespelar Geir Kvarme på [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no)



**OLAV** 150  
ÅR  
**DUUN**

# OLAV DUUN

## MEDMENNESKE

### Ein av dei store norske.

I 2026 er det 150 år sidan Olav Duun blei fødd. Sidan 30-åra og fram til tusenårsskiftet hadde Det Norske Teatret Duun på repertoaret kvart einaste tiår.

Olav Duun blei fødd på øya Jøa i Namdalen i Trøndelag. I starten av forfattarskapen blei han oppfatta som ein heimstaddiktar. Etter kvart skreiv han seg inn i ein nyrealistisk tradisjon og fekk status som ein av dei fremste romanforfattarane våre. Gjennombrøtet kom med *Juvikingar* i 1918. Det blei den første romanen i seksbindsverket *Juvikfolke*. For den serien var han nær ved å bli tildelt Nobelprisen i litteratur fleire gonger.

### Duun-tradisjonen ved Det Norske Teatret

*Medmenneske* (trilogi utgitt 1929-1933) blir også omtalt som eit høgdepunkt i forfattarskapen. Alt i 1937 blei romanen dramatisert for scenen, den gongen av teatersjef Knut Hergel som også hadde regi. Olav Duun sjølv var delaktig i arbeidet med overføringa til scenerommet. *Medmenneske* har vore sett opp sju gonger tidlegare på Det Norske Teatret og storleikar som Ragnhild Hald, Liv Ullmann, Lise Fjeldstad og Anneke von der Lippe har portrettert Ragnhild.


### Ny versjon i 2026

No løftar vi igjen fram Olav Duuns mektige forteljing om mennesket i kampen mellom det gode og det vonde. I Johannes Holmen Dahl sin regi blir *Medmenneske* ein suggererande, psykologisk thriller.

I løpet av våren 2026 vil Det Norske Teatret markere 150-årsjubileet til Olav Duun. Følg med på [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no). Her ligg også ein større artikkel om forfattarskapen til Duun skrive av Grethe Fatima Syéd.



Lise Fjeldstad i rolla som Ragnhild og Dagmar Myhrvold som svigermora Tale frå oppsetjinga i 1967. Foto: Polyfoto/Sturlason.



Anneke von der Lippe som Ragnhild og Ståle Bjørnhaug som Didrik sist *Medmenneske* blei vist på Hovudscenen. Det var i 1991, i regi av Kjetil Bang-Hansen. Foto: William Mikkelsen.



Ragnhild Hilt i front som Ragnhild. I bakgrunnen Tordis Maurstad som svigermor Tale i *Medmenneske* i 1976 på Det Norske Teatret i Stortingsgata. Regien var ved Pål Skjønberg. Foto: Sturlason.



Dagmar Myhrvold som Tale og Ragnhild Hald som Ragnhild i uroppføringa av *Medmenneske* i Teatersalen på Bødenes Hus, den gongen Det Norske Teatret, i 1937. Regien var ved Knut Hergel. Foto: Polyfoto/Sturlason.



Eit stjerneleg står klare på scenen til å tolke eit av Noréns siste verk.



## Da Lars Norén døydde i januar 2021 låg det tre teaterstykkje på skrivepulten hans. Det første, *Kommunion*, hadde urpremiere på Göteborgs Stadsteater i fjor haust. No kjem noregspremieren.

Tekst: Ingrid Weme Nilsen  
Foto: Eirik Malmö

**D**et er regissør Anders T. Andersen, kjent for mellom anna suksessane *Verdiløse menn* på Nationaltheatret og *Lazarus* på Det Norske Teatret, som skal sette opp *Kommunion*. Han fortel at han alltid har vore fascinert av Lars Norén.

- Eg trur det første stykket eg såg var *Rumänner* på Teater Galeasen. Eg fekk heilt bakoversveis. Stykket handlar om eit immigrantpar i New York, og det er så utruleg nådelaut skrive, med ein heilt særigen råskap i språket. Sidan har eg sett mange, mellom anna *Stilla vatten* i regi av Norén sjølv. Eg undrar meg over at tekstane hans har så ulike stilar. Språket hans er uhyre interessant, det er både konstruert og ikkje-konstruert på same tid. Både naturleg og kunstig. I det siste har eg lese mykje både av og om Lars Norén, og dette med språket går igjen som noko som særpregar han. Under arbeidet med *Personkrins 3:1*, der handlinga går føre seg på gata, blant menneske langt nede på den sosiale rangstigen, hadde produksjonen hatt inne folk frå plata som referansegruppe. Dei vart òg fascinerte av språket. «Det er ikkje sånn vi pratar, men det er sånn vi er,» sa dei. Det er Noréns språk, men språket skildrar livet til nokon andre. Tematisk er han i rørsle. Han skriv om ulike segment i samfunnet, og beveger seg frå middelklassen og gradvis nedover i mørket. Med den kontroversielle *Skuggpojarna* heilt inn i dei djupaste avgrunnane. Mange forfattarar blir gjerne verande i det same miljøet. Med Norén er det som om han, så fort han er ferdig med noko,

legg det bak seg og går vidare til noko anna. Han oppsøker ytterpunkta. Han har sagt at han blir trygga av andre dramatikarar som også oppsøkte ytterpunkta, Tsjekhov, O'Neill, Beckett, Fosse. Men det Norén skriv liknar ikkje på noko anna. Han evnar å få til noko som er hans eige, unikt for han.

Lars Norén er også ein dramatikar der det av og til kan vere vanskeleg å skilje mellom han og kunsten hans?

- Heilt klart. Han skriv på ein måte dagbok for scenen. Og no snakkar eg ikkje om *En dramatikers dagbok*, men om stykka hans. Dei er skrivne på skrivemaskin, og sidene er merkte med datoen for når han skreiv ned dialogen. Ofte kan ein få inntrykk av at dialogane er henta frå dagen hans. Det er personleg, utleverande og sårbart. Den siste tida har eg gawe mykje i tekstane hans, og eg blir stadig meir imponert. Han er usedvanleg også fordi han er så ekstremt produktiv. Han er død, men det finst så mykje att etter han, frå han, som er tilgjengeleg. Både intervju, dagbøkene og stykka.

Han vaks opp på eit hotell, korleis trur du oppveksten påverka han?

- Han hadde ein utruleg spesiell oppvekst, og har sjølv sagt at miljøet der han vaks opp var «radikalt uttrygt». Faren dreiv eit hotell, og familien budde på hotellet. Dei var så å seie aldri aleine. Dei åt alle måltida sine saman med gjestane i hotellrestauranten. Det var

# KOMMUNION

av Lars Norén  
Regissør: Anders T. Andersen  
Noregspremiere 31. januar 2026



Anders T. Andersen har regissert fleire stykke ved Det Norske Teatret tidlegare, mellom anna Bowie-musikalen *Lazarus*. Foto: Siren Høyland Sæter



Både Per Schaanning og Marie Blokhus har tidlegare spelt i stykke av Lars Norén på Det Norske Teatret.

som å vere på ein jernbanestasjon, med folk som kom og gjekk heile tida. Eit veldig ustabil miljø. Så døydde mora da Lars Norén var veldig ung. Han fann trøyst i litteraturen, og begynte å skrive egne tekstar. Han har sagt at den einaste staden han kjenner seg heime er i språket.

Kva tenkte du første gongen du las *Kommunion*?

- Det var ein tekst som interesserte meg med ein gong. Eg tenkte at han var spennande og utfordrande. Og det likar eg. Lett er keisamt. Teksten er utfordrande også i forma. Å sette opp eit anglosaksisk psykologisk veldreidd drama kan vere gøy det òg, men med dette stykket må ein verkeleg tenke og leite for å finne ut saman med alle teaterets kunstnarar og verkemiddel korleis ein skal sette det opp.

Og kva tenker du no, som du er godt i gang med prøvane?

- Straks ein begynner å jobbe med ein tekst så blir han utsett for slitasje. Eg høyrer teksten igjen og igjen. Men som alle gode tek-

star, så utvidar han seg heile tida, med tentaklar som utforskar ulike sider av livet. Kva er det å vere mor, å vere far, son, dotter og så bortetter. Det er ikkje eit gruseleg stykke. Det er eit stykke med mykje varme og kjærleik og humor. Og forsoning. Ein kan kanskje merke at han var eit eldre menneske da han skreiv teksten. Eg trur ikkje eg har vore borti maken til klartenkt kraft. Norén set ord på, og bringar opp, og skriv på en tilforlateleg måte om død.

Du snakka om kor enormt produktiv Lars Norén var. Kva trur du det var som drev han?

- Det skjønar eg eigentleg godt. Vi driv vel med kunst fordi vi ønsker å finne ei djupare forståing av kva det vil seie å vere eit menneske på jorda.

# KONTROVERSIELL

Lars Norén (1944-2021) skreiv ikkje for å glede publikummet sitt, men for å vekke dei gjennom ubehag.

Tekst: Åsne Dahl Torp  
Foto: Erik Berg

**A**llereie som 19-åring i 1963 debuterte Norén som lyrikar, og fekk kjapt status som ein av dei store diktarane i heimlandet Sverige. Det er likevel som dramatikar han best blir hugsa.

Etter gjennombrøtet med *Natten är dagens mor* ved Malmö Stadsteater i 1982, blei han utropt til ein dramatikar i verdensklasse og samanlikna med storleikar som Strindberg og O'Neill. Gjennom dramatikken dissekerte han på brutalt vis familierelasjonar, samfunnsforhold og sjelelivet. Språkleg blanda han det kvardagsleg realistiske med det poetiske. Han var svært kontroversiell, men blei likevel raskt mellom Skandinavias mest spelte dramatikarar, ettertrakta over heile Europa.

## Eit Norén-teater

Det Norske Teatret har sidan starten hatt eit nært forhold til Lars Norén. Dramaturg Cecilia Ölvecsky var mellom dei første som las stykka til Norén. Teatersjef Svein Erik Brodal og Ölvecsky ønskte å gjere Det Norske Teatret til eit «Norén-teater», og i 1985 hadde *Nattverden* premiere, som eit

av dei første stykka i det nye bygget til teateret i Kristian IVs gate. Ei artig faktaopplysing er at det ifølgje nobelprisvinnar Jon Fosse, var det denne framsyninga som endra synet hans på teater.

## Sjokkerte kritikarane

I 1991 hadde Det Norske Teatret jamvel urpremierer på stykket *Ei natt lenger enn livet*. I 1999 sende oppsetjinga av *Personkrins 3:1* sjokkbølgjer gjennom teater-Noreg. Det handla om samfunnets mest utstøytte, dei narkomane, og etter premieren i Sverige hadde den svenske politikaren Mona Sahlin uttalt at framsyninga kjentest som å få ein real øyrefik. Her heime åtvvara NRKs kritikar publikum som var skøyre mot å sjå Det Norske Teatret sin versjon, og skreiv at: «Dette er ikke teater, men sosialpolitisk sprengstoff». Framsyninga blei også her eit stykke alle «måtte» sjå.

## Hadde regien ved Det Norske Teatret

Lars Norén byrja å regissere egne stykke, og mot slutten av året 2000 var det ei teaterhistorisk storhending da han kom til Det Norske Teatret for å sette opp urpremierer av den nyaste teksten sin, *November*. I Sverige hadde det nett brote ut eit kaos utan like etter oppsetjinga av

stykket 7:3. Det var ei framsyning der Norén let innsette frå høgssikkerheitsfengsel spele seg sjølv på scenen, og uimotsagt komme med nazistiske fråsegner. Det i seg sjølv var kontroversielt. Men da to av fangane i tillegg rømde, gjorde eit bankran og drap to politimenn, braut helvete laus. Pressa fotfølgde Norén, han fekk nærast skulda for drapa og blei eit hatobjekt for mange. Så da dramatikaren og regissøren dukka opp i Oslo i eigen person, fekk oppsetjinga av urpremierer *November* på Det Norske Teatret internasjonal merksemd.

I alt har Det Norske Teatret sett opp ti stykke av Lars Norén. Mot slutten av livet skreiv dramatikaren seg inn i ein meir eksistensialistisk stil. *Kommunion* stiller seg i denne tradisjonen, og er eitt av dei tre stykka som låg på pulten hans da han døydde i 2021. Dette blir den ellefte Norén-produksjonen, og markerer nok ei spesiell hending i forholdet mellom Det Norske Teatret og Lars Norén, som ikkje tek slutt sjølv om han har hatt siste teppefall.

*Kjelder:*  
Alfred Fidjestøl *Trass Alt, Det Norske Teatret 1913-2013*, Samlaget, 2013.  
Cecilia Ölvecsky: *Ein nådeløst ærleg dramatikar*, artikkel i magasinet Det Norske, 2017.



# HEIMSØKT AV EIGNE GJENFERD

Seda Witt har fleire gonger laga teater av andre sine liv, men aldri snudd spotlighten over på si eiga historie. I alle fall ikkje på denne måten. For i vår blir det personleg.

Tekst: Ida Michaelsen  
Foto: Atosa M. Salekdeh

I framsyninga *Gjenferdet inn* møter vi den britisk-palestinske skodespelaren Sonia som drar på impulsbesøk til søster si i Haifa i Israel. Sonia blir etter kvart trekt mot teateret, og blir del av ei teateroppføring av *Hamlet* på Vestbreidda, mot alle odds. Møtet med familien sitt heimland tvingar Sonia ut på ei identitetsreise, og ho oppdagar både si eiga historie og teateret si kraft på alvor for første gong.

Arbeidet med stykket har på mange måtar også fått Seda Witt til å konfrontere si eiga historie. *Gjenferdet inn* får noregspremiere på Scene 3 den 6. februar.

- Sjølv om dette er eit stykke som går føre ein spesifikk stad, så er temaet universelt. Kven er eg, kor kjem eg frå? Korleis har det forma meg? Kan eg skyve det vekk, eller vil det alltid komme tilbake? Slike spørsmål, eller «gjenferd», er vi nok mange som balar med.

## Samlande kraft

31-åringen frå Ås blei tidleg dratt mot scenelyset. I amatørteatermiljøet

fekk ho same gode kjensla som på fotballbanen. Lagspelet og fellesskapen, det at ein alltid må løfte prosjekt saman, det fenga vesle Seda, og førte henne seinare til skodespelarutdanninga i Verdal og ut i eit frilansliv som passa henne perfekt. Ho har spelt i gymsalar og klasserom, på alternative teaterscenar, og har også dei siste seks åra vore knytt til Nationaltheatret. Slik er ho blitt kjent for og med eit publikum som spenner frå små barn og usikre tenårningar til eit vakse og godt vant teaterpublikum. Desse erfaringane har overttydd Seda om at teater er for alle, uansett alder, bakgrunn og erfaringar.

- Eg har sterk tru på teateret som ei samlande kraft. Vi har eit stort ansvar i å invitere alle inn, både ulike publikummarar og ulike historier. Alt har plass her. Det er gjennom kunst at ein kan kjenne seg igjen i noko nytt, noko som ein ikkje kjente til frå før. Og dette møtet er sårbart, både for oss skodespelarar og for publikum. Det er kanskje ein klisjé å seie det, men sånne møte finn ein ikkje nokon annan stad. Og det er det eg elskar mest ved teateret.

## Gjenkjenning

Grunnen til at ho sterkt ønskte å vere del av dette prosjektet ligg i gjenkjenninga. For nett som hovudkarakteren i *Gjenferdet inn* er også Seda Witt vakse opp med foreldre frå ulike land. Som stiftar familie og lagar seg eit liv i eit tredje land. - Mor mi er frå Brasil, far min frå Tyrkia. Dei kom som studentar til Noreg og møttest på norskkurs. Dei valde å starte liva sine på nytt her, og så langt er det fleire parallellar til historia vi skal setje opp. Arbeidet med *Gjenferdet inn* har fått meg til å reflektere over mi eiga historie. Som barn ville eg vere så norsk som mogleg, passe inn, ikkje framheve ulikskap, eg ville til og med byte namn. Eg hugsar veldig sterkt kjensla av å ikkje kjenne seg norsk nok. Og det er kanskje ikkje så rart med foreldre frå to ulike land, men eg kjente meg aldri tyrkisk eller brasiliansk heller. Det er merkeleg å kjenne seg framand i alle land. Eg veit ikkje om eg hadde tora å ta tak i denne kjensla om eg ikkje hadde arbeidd med teater. For teateret og kunsten tar opp dette temaet heile tida. Sonia seier; må alle palestinske historier vere ei familiehistorie? Og den

«Kven er eg, kor kjem eg frå? Slike spørsmål, eller «gjenferd», er vi nok mange som balar med.»

setninga resonnerer i meg. For eg trur på eit vis at alle historier er ei familiehistorie, og eg blir heile tida mint på at eg bør ta den dannelsesreisa som Sonia gjer.

#### Tapte moglegheiter

For Seda Witt er det viktig å understreke at *Gjenferdet inn* ikkje er eit innlegg i den politiske debatten om Palestina.

- Stykket er eit glimt inn i liva til dei som forsøker å skape noko under ekstreme forhold. Sonia blir dratt inn i ei oppsetjing av *Hamlet*, som rett nok har sterke politiske undertonar. Dei praktiske problema og sensuren som kompaniet opplever under prøveperioden gir henne innsyn i kva vanskar folket og kunstnarane der står i. For etter at dei har fått sett opp *Hamlet* er Sonia for alltid endra. Alle gjenferda; den palestinske arven, familien, skodespelaryrket og øydelagde forhold – ho må ta stilling og kan ikkje skyve det vekk lengre. Gjenferda er ein slags serie av tapte tankar og moglegheiter som ho må anerkjenne for at dei skal slutte å vere gjenferd, men i staden vere noko konkret i livet hennar.

Seda Witt innrømmer at også ho kjem til å vere litt endra når dette prosjektet er fullført. Det krev modning før ein er klar og villig til å gå i dialog med gjenferd frå historia.

- Det er først når du er vaksen at du set pris på det som gjer deg unik. Og no kan eg bli lei meg for at eg ikkje var meir open for det foreldra mine representerte, for språka deira, det er no eg finn interesse i å lære det. Det er mykje som er gått tapt hos meg også, så eg skjønner at det har tatt så lang tid for Sonia. Det har tatt tid for meg også, avsluttar Seda Witt.



Seda Witt spelar i vår den britisk-palestinske skodespelaren Sonia, som strir med tallause gjenferd. Det har fått henne til å tenke på sine egne.

# TEATER I KAMP

**Å arbeide med kultur på Vestbreidda er uføreseieleg og fullt av hindringar. Det har Kyrre Hellum sjølv erfart.**

Tekst: Åsne Dahl Torp  
Foto: Ole Herman Andersen

**I**vår skal Kyrre Hellum gi kropp og stemme til ein palestinsk skodespelar på Vestbreidda i *Gjenferdet inn*, teaterstykket som hentar tittelen frå ei scenetilvising i Shakespeares *Hamlet*. Karakteren George skal saman med ei teatergruppe forsøke å sette opp nettopp *Hamlet*. Men oppsetjinga møter dagleg på hindringar som følgje av den israelske okkupasjonen, som stikk kjeppar i hjula og gjer det vanskeleg å nå premieredatoen.

Skodespelar Kyrre har sidan sommaren 2023 sjølv vore sterkt personleg engasjert i eit teaterprosjekt på Vestbreidda, og har fått innsikt i kor utfordrande, og nær umogleg det kan vere å utføre handlingar som for oss heime i Noreg er heilt uproblematisk.

- Berre det å komme seg frå A til B er ei prøve for tolmodet, forklarar han.

- Du kan bli ståande i timevis på eit sjekkpunkt utan forklaring, og så plutseleg slepper du forbi utan at du får vite kva som var grunnen til at du måtte vente i utgangspunktet.

## Engasjert skodespelar

Våren for tre år sidan var han involvert i teaterprosjektet *Revolusjonens løfte*, som fortalde om tilhøva for kunstnarar og ytringsfridomen på Vestbreidda. The Freedom Theatre, som ligg i ein flyktningleir i byen Jenin på Vestbreidda, var ein av samarbeidspartnarane. Dette teateret driv teaterskole og viser framsyningar for og med palestinske barn og unge. Det har blitt angripen fleire gonger, framsyningar har blitt stoppa, taket knust under bomberegner og leiinga på teateret har blitt arrestert ved fleire høve. For tida må teatararbeidarane og barna utføre arbeidet sitt på alternative plassar. Ein av dei tidlegare teatersjefane, Ahmed Tobasi, flykta til Noreg i 2008 og var ein av initiativtakarane til teaterprosjektet *Revolusjonens løfte*.

## Solidaritetsaksjonen «Jallah Jenin»

I kjølvatnet av denne teaterframsyninga og kjennskapen med

Tobasi, ønskte Kyrre å reise til Vestbreidda og teateret i Jenin. Men han kjente også eit behov for å gjere noko i solidaritet med kollegaene sine.

- Vi er jo alle skodespelarar og teaterfolk. Vi vil fortelje historier som er viktige. Vi er så like og deler ein masse felles referansar. Det er forferdeleg urettferdig at dei ikkje skal få uttrykke seg fritt, slik eg kan.

Om det var noko som helst han kunne gjere for å betre situasjonen, så ville han gjerne gjere det. Dette synet delte kollega Vibeke Harper, som hadde besøkt Vestbreidda fleire gonger tidlegare. - Kvifor ikkje ta med seg litt teknisk utstyr på vegen? tenkte dei, og starta aksjonen «Jallah Jenin». Det viste seg å ikkje vere så lett.

- Å få tak i utstyr var lett. Vi fekk masse fint lyd- og lysutstyr både her frå Det Norske Teatret og Den Norske Opera & Ballett. Vi starta ein Spleis og fekk samla inn nok pengar til transport. Men så var det å finne eit firma som ville og kunne sende det til Vestbreidda. Det viste seg å vere umogleg. Dei fann til slutt eit firma som via omvegar fekk sendt det til Jordan. No står utstyret på eit teater i Amman, men dei har fått avslag på søknaden om å føre det inn i Jenin. Situasjonen verkar ganske låst.

## Kvardag i motgang

Men Kyrre og Vibeke har ikkje gitt opp aksjonen «Jallah Jenin». Dei har ein plan. Det som gjorde mest inntrykk på Kyrre under besøket på Vestbreidda, var korleis dei han møtte reagerte på all motgangen:

- Det var liksom ikkje noko hat. Dei berre manøvrerer under desse tilhøva. Det er kvardagen deira, seier han.

Som karakterane i teaterstykket *Gjenferdet inn*, har dei masse humor, varme og overskot.

- Det er overveldande å oppleve den styrken dei har.

*Kyrre Hellum og Vibeke Harper er initiativtakarar til ein støttekonsert for kunstnarar i Palestina. Det skjer 7. februar på Hovudscenen på Det Norske Teatret.*



Skodespelar ved Det Norske Teatret, Khalid Mahamoud, var også med på turen til Vestbreidda. Dernest i bildet er Issa Amro, som leiar ei ikkje-valdeleg aksjonsgruppe, kalt Youth Against Settlements. Armen hans er brekt etter at han nyleg blei banka opp av ulovlege busetjarar. Ved sida av Kyrre Hellum står den andre initiativtakaren til Jallah Jenin, kunstnar Vibeke Harper. Foto: privat.



Ein bit av The Freedom Theatre, som er øydelagt av bomber. Foto: privat.



Vibeke, Kyrre og Khalid i lag med representantar frå kulturministeriet til dei palestinske sjølvstyremyndighetene på Vestbreidda. Dei kunne dessverre ikkje hjelpe med å få utstyret inn i landet. Foto: privat.



Kyrre Hellum brenn sterkt for å gjere noko i solidaritet med dei som blir utsett for urett på Vestbreidda og i Gaza.

## PALESTINAPROGRAMMET

# GJENFERDET INN


I samband med oppsetjinga av *Gjenferdet inn*, dedikerer vi Scene 3 til ei undersøking av dei store spørsmåla om Midtausten. Kva er det historiske bakteppet for krigen mellom Israel og Palestina? Korleis skal verda reagere på den endelause straumen av grufulle nyheiter frå Gaza? Palestinaprogrammet skal bestå av faglege og kunstnarlege arrangement som på ulike måtar handlar om Midtausten og kunstens kraft. Kan vi nytte scenerommet til djupare refleksjon og nye perspektiv?

I løpet av våren inviterer vi derfor til samtalar, føredrag, konsertar, gjestespel og andre aktivitetar under overskrifta Palestina-programmet. Følg med på [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no)

I artikkelen *Den revolusjonære krafta i palestinsk teater* reflekterer forfattaren av romanen *Gjenferdet inn*, Isabella Hammad, om korleis kunst og teater gir rom for refleksjon, fellesskap og kollektiv frigjering.



Les  
artikkelen her



Den britisk-palestinske forfattarens roman frå 2024 tek publikum med rett inn i eit Palestina på randa av kríg. Foto: Cathy Coulter/Pelikanen forlag.

**EIT ISCENESETT FØREDRAG**

# GAZALIV

**B**li med Marte Heian-Engdal på ei reise bakover i tid, til ein landsby som ikkje lenger finst, til ein åker som for lengst er borte, der ein gamal mann, som lenge har vore død, ruslar roleg rundt og sår sesamfrø.

*Gazaliv* er eit iscenesett foredrag om ein familie frå Gaza. Marte Heian-Engdal, historikar og ein av Noregs mest anerkjende ekspertar på konflikten mellom Israel og Palestina, tar oss med til byen Yibna i det britisk-kontrollerte området som heiter Palestinamandatet. Her blir vi kjent med bonden Abdul Malik og familien hans. Vi følgjer familien gjennom fire generasjonar, og er med på fødsjar, bryllaup og gravferder, alt klemt inne mellom krigar, opprør, intifadaar, evakueringar og maktkamp, heilt fram til den skjebnesvangre datoen 7.10.2023.

*Gazaliv* gir deg ei unik moglegheit til å få ei djupare forståing inn i ein av verdas mest langvarige og fastlåste konflikhtar, fortald med teaterets verkemiddel.

*Gazaliv* spelar nokre utvalde kveldar på Scene 3, og er en del av *Palestinaprogrammet* våren 2026



Historikar Marte Heian-Engdal gav ut den kritikarroste boka *Et Gazaliv* i 2024. No står ho sjølv på scenen for å fortelje historia om ein familie frå Gaza. Foto: Becky Zeller

EUROPAVISJONAR  
MINUTT FOR MINUTT

**BLI MED**

# **SKODESPELAR INGEBORG SUNDREHAGEN RAUSTØL**

**EIN DAG PÅ JOBB**

**1 BALAKLAVA  
4 PARYKKAR  
9 KOSTYME  
11 SKIFT  
13 NUMMER**



Klokka er 19:00. Publikum har funne plassane sine. Bak scenen står rundt 50 menneske klare. Det er nok ein finalekveld i *Europavisjonar*, framsyninga som har gått for fulle hus i eit år og gleder meir enn 50.000 besøkande.

**19:00**



**FRAMSYNINGA  
STARTAR**

**19:09**



Ingeborg står klar som austberlinar som riv ned muren i opningsnummeret.

**19:17**



Kveldens første visjon er Sovjetunionen. Ingeborg har fått på paljettkostymet.

**19:25**



Tredje kostymeskiift, no som norsk dansar i nummeret til Israel/Palestina.

**19:32**



Det er klart for ballade. Ingeborg har fått på brillene i rolla som FN's generalsekretær Boutros Boutros-Ghali.

**19:36**



I dei to neste visjonane er Ingeborg kameraoperatør.

**19:45**



I USA sitt nummer har Ingeborg kostymeskiftet på scenen, når dei blir til vampyrkor.

**19:48**



To nye visjonar der arbeidsdresen må på, og kamera på skuldra.

**20:10**



Krevjande å syngje gjennom ein balaklava? Det må til i «Spire ein revolusjon» for Ukraina.



**20:27**



Nytt paljettkostyme, ny parykk. Denne gongen som Tyrkias president Recep Tayyip Erdoğan.

**20:39**



Pause i framsyninga.



**21:13**



Dansar i "pausenummeret" som opnar andre akt.

**21:15**



Tilbake til Erdoğan-paljettane, når røystene frå publikum skal reknast opp.

**22:03**



Applaus, og arbeidsdagen er ferdig for Ingeborg Sundrehagen Raustøl.

# EUROPAVISJONAR

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor  
Regissør: Simen Formo Hay  
Spelar vidare frå januar 2026

# LIVET BESTÅR AV VALA DU TEK

Serhat «Sero» Yildirim var 17 år og på ein mørk plass i livet da han blei med ein venn på audition. Det endra retninga i livet totalt. No er han på Det Norske Teatret og skal ta over hovudrolla som Ivor i *Da vi var yngre*. Det krev disiplin.

Tekst: Åsne Dahl Torp  
Foto: Siren Høyland Sæter

I februar skal 27-åringen frå Ellingsrud ta over rolla etter Jonas Benyoub i suksessen *Da vi var yngre* – ei framsyning som har gått sin sigersgang frå Scene 2 til Hovudscenen, fekk strålende kritikkar, Heddaprisen og har spelt for proppfulle hus.

Som syttenåring var Serhat Yildirim sikker på å komme inn på A-laget til Strømmen, da draumen om å bli proff-fotballspelar plutselig brast:

- Eg tenkte berre: Faen as. Eg har trent så hardt! Men veit du kva? Fakk fotball. Ditt datt. No skal eg ete chips og ... Da ringde plutselig ein kompis, Sami Hassan («Eg passar alltid på å seie namnet hans, for han har eg alt å takke for!»). Han sa:

- Serhat! Bli med på audition! Du er jo lættis. Heldigvis for unge Yildirim let han seg til slutt overtale. Og det var han som stakk av med rolla som Emrah i NRK P3-serien 17.

- Det kjennest like gøy som å spele fotball! Skodespel er jo også ein slags sport.

Noko han ikkje likte like godt, var å førebu seg til opptak.

- Eg var 18 år, elektrikarlærling og hadde ikkje lese ei bok i heile mitt liv.

Bunken med manus til TV-serien blei skumma, men ikkje pugga. Det blei ikkje så godt teke imot. I byrjinga surra han med tekst og regissør Bendik Stalheim måtte ta fram den strenge stemma:

-«Serhat! Du skal kunne heile teksten når du kjem på jobb. Det går ut over alle andre når du ikkje er førebudd!», etterliknar han, men legg til at han skjønte at regissøren berre ville han godt. Han tok eit val om å endre seg.

## Disiplin og hardt arbeid

I dag set skodespelaren disiplin og hardt arbeid høgt.

Hettegenser og fades er bytt ut med ein litt vaksnare stil. Han kjem alltid 15 minutt før han skal til avtalar og alltid førebudd. Det vil komme godt med no når han skal ta over stafettspinnen i rolla som Ivor. Det er nesten 40 sider med tekst om å vekse opp som ungdom på Grønland, om kjærleik, raske pengar, dop og vennskap. Kvar dag etter teaterprøver på det andre stykket han er med i, går han heim og les tekst.

- Eg er jo frå Oslo aust. Vi seier flus, sjofe, kæbe, mæbe... ikkje sant? Eg snakkar det språket her, det er heime. Men eg har alltid passa på at grammatikken er rett. Og det er ikkje alltid i teksten til Lovrenski. Det gjer det ekstra utfordrande å lære seg, seier Serhat, og sver på at han skal vere tekstfri den dagen overtakingsprøvene tek til. Han har laga ein plan for kor mykje han må lære seg kvar veke for at det skal gå.

- Det betyr mykje for meg å gjere det bra. Å gi framsyninga eit nytt liv, seier skodespelaren.

Han er oppteken av å få fram det autentiske i språk, veremåte, forstå korleis Ivor ser på verda og tenkjer.

Tore å vere sår.

- Men eg må jo laga min versjon av Ivor, da. Jonas (Benyoub, red. mrk.) og eg er forskjellige personar, men vi er jo fødde



Det var gjennom dei fire sesongane med NRK P3-seriane 16-19 at Serhat fekk auge opp for skodespelaryrket. I sesong to, med tittelen 18, hadde Serhats karakter hovudrolla. Foto: Bendik Stalheim Møller/NRK.

# DA VI VAR YNGRE

av Oliver Lovrenski  
Regissør: Aksel Hennie  
Spelar vidare frå 21. februar 2026



«Det kjennest like gøy som å spele fotball! Skodespel er jo også ein slags sport.»

Serhat Yıldırım har mykje tekst å lære utatil og store sko å fylle etter Jonas Benyoub. Men livet ser lyst ut, for han får drive med det han likar. Slik har det ikkje alltid vore.

og har vakse opp på Ellingsrudåsen begge to. Så vi deler mykje av dei same verdiane, språket og korleis vi har hatt det i barndommen.

Dei kjenner begge folk som kan minne om gutane i *Da vi var yngre*. Nokre gjekk det ikkje så bra med, nokre byrja med dop. Dei har ein felles kompis som blei drepen.

- Eg har ikkje sjølv vore del av eit slikt miljø, men eg har vore rundt det. Det er jo veldig mørkt.

## Verdiar og val

Han har tru på at det å sjå framsyninga kan vere ein vekkjar for ungdom der ute som kan minne om Ivor.

- Ivor har ikkje eitt problem. Han har mange: Han har det vanskeleg heime, han kjem borti eit hardt miljø, vennen hans døyr, mora hans mistar det totalt, forklarar Serhat.

- Men, seier han, og gjer ein meningsfull pause medan han viftar med peikefingeren.

- Det handlar også om vala han tek. Livet består jo av val! Ivor får sansen for raske pengar, gatestatus og dop. Og han vel å gå den

vegen.

Dette med val er noko Serhat er personleg sterkt oppteken av. Han lever sjølv under mottoet: «Eg lever i dag og strevar for ein enda betre morgondag». Det krev at han gjer dei rette vala kvar dag.

- Og så må ein akseptere dei kjipe tinga som skjer. Men du kan alltid snu situasjonen! meiner han, og legg til at det er viktig med bra rettleiing for å lære seg å velje rett. Det manglar Ivor og kompisane hans. Det er ingen vaksne som ser dei og hjelper dei med å skilje rett frå gale.

Han håpar unge gutar og jenter som ikkje har nokon trygge vaksne dei lyttar til, kan sjå Serhat og dei andre på scenen og tenke:

- Det der kan jo vere meg. Men det er mykje kulare å vere han som *spelar* han som blir heroinmisbrukar enn å *vere* han.

Sjølv har Serhat valt å ta fagbrev som elektrikar før han gjekk tilbake til skodespelaryrket. Da har han noko trygt å falle tilbake på dersom det trengst. Men først er det hardt arbeid og disiplin som gjeld for å komme i mål til premieren på *Da vi var yngre* 21. februar.

# MED SIRKUS I BLODET

I meir enn 80 år har Pippi Langstrømpe begeistra barn over heile verda. I vår skal ho igjen hoppe opp på Hovudscenen på Det Norske Teatret.

Tekst: Erlend Tårnesvik Dreiås  
Foto: Siren Høyland

**A**t sirkuset kjem til byen, er eit sikkert vårteikn. Lukta av sagmugg og popkorn. Halsbrekkande akrobatikk, linedansarar, trylletriks og klissete sukkerspinn. Og denne gongen sit Pippi på første rad. Natalie Bjerke Roland skal ta på seg dei raude flettene og bli verdas sterkaste jente for ein ny generasjon ungar.

– Folk har spurt om eg skal svinge meg i trapesen, fortel ho lattermildt. Sjølv om ho innrømmer at det hadde vore gøy å prøve, så er det proffe sirkusartistar som skal ta seg av dei mest halsbrekkande nummera i familiefamilien *Pippi på sirkus*.

– Men oldefaren min jobba faktisk på sirkus! Glansnummeret hans var å få heile kroppen gjennom ein kleshengar! Ho demonstrerer korleis han må ha åla seg gjennom trekanten på hengaren. Ho har nemleg arva dei hypermobile ledda hans. Likevel fekk ho aldri sjå oldefaren som artist.

– Då han møtte oldemor, måtte han slutte med sirkuslivet. Det er sprøtt å tenkje på at den gamle og rolege mannen eg hugsar, han som elska at eg song for han, har levd eit slikt liv.

## Brei erfaring

Sjølv om oldefaren fekk ein kort sirkuskarriere, har Natalie Bjerke Roland for lengst funne vegen til sin eigen manesje. Ho har spelt i ei rekkje framsyningar på teaterscenen, i TV-seriar som «Rådebank» og «Nissene i bingen», og filmar som «Ingen kommentar». No sist har ho begeistra publikum som presidenten Donald Trump i Eurovision-musikalen *Eurovavisjonar* på Det Norske Teatret. Til våren ventar altså ei ganske anna rolle. På sett og vis liknar dei





Gammelt sirkusblod blir vekt til live når Natalie Bjerke Roland førebur seg til rolla som Pippi.

«Ho bryr seg ikkje om reglar, men ho er alltid snill. Pippi er absolutt eit førebilde.»

kanskje litt, verdas sterkaste jente med den grenselause sjølv-tilliten, og den amerikanske presidenten. Samtidig er det nokre vesentlege skilnadar. For den som er veldig sterk, må også vere veldig snill.

– Pippi er så kul! Ho er morosam og litt rar. Ho kan ete godteri til middag, vaske golvet med klutar på føtene medan ho dansar rundt. Ho gjer akkurat som ho vil, og sett gjennom auga til eit barn er jo det heilt fantastisk. Ho bryr seg ikkje om reglar, men ho er alltid snill. Pippi er absolutt eit førebilde.

#### **ABBA-fan**

Musikalen er basert på Astrid Lindgren si forteljing om Pippi som drar på sirkus saman med Tommy og Annika. ABBA-legenda Björn Ulvaeus har skrive heilt ny musikk, tilpassa dei ulike sirkusnummera og karakterane vi møter. For Natalie, som sjølv er stor ABBA-fan, er samarbeidet med Ulvaeus ekstra stas.

– Til ein bursdag ønskte eg meg to album: *ABBA Gold* og *I Am Sasha Fierce* av Beyoncé. Eg fekk begge, låste meg inne på rommet mitt i ei veke og berre hørde på musikk.

*I Pippi på sirkus* møter vi mange ulike musikalske univers. Det er rocka låtar, folketonar, lyriske parti og god popmusikk som festar seg med ein gong.

– Eg elsker å spele teater for barn. Reaksjonane er så ekte. Nokre av dei mest magiske publikumsopplevingane eg har hatt, har vore med barn. Når eg høyrer at dei gispur fordi dei ikkje forstår korleis eit triks skjer, er det ei fantastisk kjensle. Sånn teatermagi skaper evige minne.

No er det Natalie Bjerke Roland sin tur til å skape magi for barna i salen. Med raude fletter, store sko og sirkus i blodet.





Natalie Bjerke Roland gler seg til å spele for barn. Ho elsker dei spontane reaksjonane frå salen.



Bilde frå den svenske oppsetjinga som hadde premiere på Cirkus i 2022. Framsyninga blei ein formidabel suksess. No skal Hovudscenen på Det Norske Teatret bli til ein sirkusmanesje.

# EIN PIPPIFISERT SIRKUSMUSIKAL MED ABBA-MEISTEREN SJØLV

Tekst: Ida Michaelsen  
Foto: Krall Entertainment

**E**r det mogleg å bli usikker når du heiter Björn Ulvæus? Når du så å seie har dominert internasjonal popkultur og hatt suksessar som knapt kan la seg måle. Ja, viser det seg. I møte med Astrid Lindgren, blir sjølv superstjerner nervøse og kjenner på eit enormt ansvar.

- Skal eg verkeleg gå inn og skrive om hennar karakterar, kan eg verkeleg gjere det? Er det rett av meg å gjere det? Kva hadde ho sagt om ho visste, er spørsmål mannen bak nokre av dei mest elska pop- og musikklåttane i verda stilte seg før han sette seg ned med det svenske arvesølv.

### Ny sirkusmusikal

Saman med Maria Blom og Tilde Bjørfors har han skrive manus til vårens storsatsing for barn, Pippi på sirkus. Ein fargerik og Halsbrekkande sirkusmusikal basert på Astrid Lindgrens historie om da Pippi, Tommy og Annika drog på sirkus og møtte sirkusprinsessa Miss Carmencita, linedansaren Elvira og verdas sterkaste mann, Sterke Adolf. Resultatet skulle vise seg å bli både ei heilstøypt sirkusoppvising, eit sterkt teaterdrama og ein fullblods musikal som svensk publikum omfamna med entusiasme da han fekk premiere i 2022. I ein dokumentar som blei laga i samband med dette møtet med Astrid Lindgrens litterære superhelt, snakka Björn Ulvaeus om mange sider ved arbeidet.

– Som millionar av andre svenskar over to år, elsker eg Pippi Langstrømpe. I ei av forteljingane til Astrid Lindgren går Pippi på sirkus saman med Annika og Tommy, og den historia har inspirert til ein nyskriven musikal, som eg har laga saman med eit ekte sirkuskompani og mange andre talentfulle menneske. I framsyninga vår er Pippi den same, men likevel annleis. Vi har tolka det som ligg mellom Astrids strekar og gitt det eit musikalsk kostyme.



Ein stor dag på Det Norske Teatret da Björn Ulvaeus kom for å starte arbeidet med å overføre Pippi på sirkus til Hovudscenen.  
Foto: Ole Herman Andersen

### Ein ringrev på musikal

Det var sjølv innlemminga av sirkuselementa som var det nye og mest ukjente for Ulvaeus. Etter tida i ABBA har han stått bak musikalsuksessar som *Chess*, *Kristina frå Duvemåla* og og sjølvsgagt *Mamma Mia!* Som han skapte saman med Judy Cramer og som var basert på songkatalogen til ABBA. Mannen bak tidause hits som *Dancing Queen*, *The Winner takes it all* og *Money, Money, Money* er ein som likar nye utfordringar og seier at skapinga av denne sirkusmusikalen var langt meir komplisert enn å skrive ein vanleg musikal.

– Det går ikkje å samanlikne. Grunnen er at sirkusartistane i blant gjer triks som er farlege for liv og lemmer. Og derfor er det strenge sikkerheitsreglar, sjølvsgagt, det må det vere. Og det viser seg at teknikarane er med i heile framsyninga. Dei står ikkje bak og dreg i kulissane, nei, dei er med, for det må dei vere på sirkus. Så å veve dette saman var mykje meir komplisert enn eg kunne ane.

Men også det faktumet at sirkusartistar ikkje alltid kan synge når dei gjer spektakulære triks eller er midt i eit nummer, var noko som gjorde arbeidsprosessen spesiell og annleis samanlikna med det Björn Ulvaeus kjente til.

– I ein vanleg musikal kan jo alle synge om det trengst. Men sirkusartistar som kastar seg i liner kan ikkje det. Dei blir andpustne og kan ikkje synge ordentleg.

### Ein lykkeleg slutt

Sjølv om den erfarne låtskrivaren hadde skrive mykje av materialet før prøvane starta, var han nøydd til å gjere om på delar av det. I møtet med artistane blei det klarare korleis det kom til å sjå ut.

– Jaha, er det sånn her det ser ut. Og det var det store eksperimentet, om ein kunne slå saman musikalidiomet med sirkusfunksjonane. Det vil seie at dei som er sirkusartistar er også integrert i ei historie.

*Pippi på sirkus* er ei historie som har ein lykkeleg slutt. Men Björn Ulvaeus kunne ikkje dy seg.

– Den slemme sirkusdirektøren måtte jo få straffa si. Og eit sirkus og ein kanon, og ei levande kanonkule. Det er eit klassisk sirkusnummer...

Så står det igjen å sjå om det blir skote ut levande kanonkuler frå Hovudscenen på Det Norske Teatret når *Pippi på sirkus* inntar manesjen i april. Björn Ulvaeus sit i alle fall i salen under premieren i april og gler seg til å sjå og høyre teaterets krefter falde seg ut i det store formatet.

*Teksten er basert på ein dokumentar frå innstuderinga av Pippi på sirkus av Krall Entertainment frå 2022.*



# GAME OF THRONES MØTER GRESKE TRAGEDIAR

Mina Salehpour er tilbake. Den spinkle dama med den sterke energien har med seg heile den greske forteljinga til Det Norske Teatret i vår. *Antropolis* blir ein maraton av dei sjeldne når ho inviterer til eit felles løft der alle kan bidra til utforminga av scenerommet.

Tekst: Ida Michaelsen  
Foto: Eirik Malmo og Ole Herman Andersen

# ANTROPOLIS

av Roland Schimmelpfennig  
Regissør: Mina Salehpour  
Noregspremiere 25. april 2026

**E**g har tru på at folk finn glede i å bidra. Og at dei kan kjenne på større eigarskap dersom dei ser ein bit av sitt eige på scenen. Derfor vil vi gjerne ha dei kvite middagstallerkenane dine som du ikkje lenger brukar, seier Mina Salehpour.

Den tysk-iranske noregsvennen snakkar fort og ivrig. Dialogen med publikum er viktig, og ønsket om å involvere dei i prosjektet er sentralt. *Antropolis* er eit destillat av verka til antikkens store dramatikarar ført i pennen av samtidsdramatikaren Roland Schimmelpfennig. - Han har skrivne dette verket basert på ein rekke greske tragediar, med særleg vekt på sagaen om Teben. Dei store namna herifrå er kjende for dei fleste; Ødipus, Antigone, lokaste. Det startar faktisk med bortføringa av Europa, som jo kjem ned på scenen i avslutninga av *Europavisjonar* som for tida spelar for fulle hus på Hovudscenen. Vi skal møte same jenta igjen nede på Scene 2 til våren.

## Ein maraton

Zevs bortføring av Europa leiar Katmos til å grunnlegge byen Teben. Derfrå skal vi følgje utviklinga av den vesle byen til verdas hovudstad. Schimmelpfennig bringar desse antikke mytane inn i ei notidig forteljing utan å kvitte seg med dei originale tekstane. Han byggjer Euripides, Sofokles og Aiskylos inn i ein ny tekst.

- Du får det beste av Roland Schimmelpfennig og det beste av dei greske meistrane. Det er som eit *Game of Thrones* møter greske tragediar på Scene 2!

I to år førebudde Schimmelpfennig og Deutsches Schauspielhaus i Hamburg det ambisiøse antikke prosjektet. Hausten 2023



Malin Jones Styrmo og Embla Høyland Skognes sørger for at skodespelar Frode Winther blir transformert til ein antikk statue.



Fotograf Eirik Malmo viser Mina Salehpour korleis bildet er i ferd med å ta form.



Mina vil gjerne teste korleis det ser ut med ei flaske vatn av merket SMART på bildet.

« Du må førebu deg på å binge denne forteljinga. »



blei dei fem tekstane sett opp i ulike premierar, som sidan blei sett saman til ei maraton-oppsetjing på 8 ½ timar. Publikum jubla. På Det Norske Teatret går Mina rett på sak og drar publikum gjennom heile forteljinga frå start.

- Du må førebu deg på å binge denne forteljinga. Vi satsar på noko utanom det ordinære. Det skal vere ei oppleving, ein happening, det er ambisjonen. Vi skal møte dei gamle vennene våre igjen og for første gong sjå nærare på heile familiehistoria.

#### Attraktivt og lærerikt

Generasjonen til Mina Salehpour har fått dette universet inn i grunnutdanninga. Dei greske klassikarane var noko alle fekk stifte kjennskap til i det tyske skoleløpet. Og sjølv om ikkje alle var like begeistra den gongen, har det vist seg å vere attraktivt å løfte fram dei gamle vennene igjen til eit samtidig publikum. Men for det norske publikummet, som kanskje ikkje har den same nærleiken til desse karakterane, vil det by på motstand? Mina Salehpour ler.

- Men de nordmenn kan jo tenne eit bål! Og i desse dagar er det kanskje betre kunnskap å ta med seg. Hahaha! Ho er alvorleg i det lattermilde. Og meiner at å utveksle erfaringar, kunnskap og lokale variasjonar på tvers av landegrenser er viktigare enn nokon gong. Diskusjonar om kva som er kjent og mindre kjent for publikum i dei ulike landa ho arbeider i, er blant

dei viktigaste erfaringane ho tar med seg.

#### Internasjonale impulsar

- Kva meir kan menneskeslekta spørje om enn å lære, tileigne seg kunnskap til the very end. I tider med KI og alt det digitale søppelet må vi aldri slutte å vere nysgjerrige og lære av kvarandre. Eg er heldig, eg har ein internasjonal arbeidsplass og får oppdrag i mange ulike land. Det betyr at eg ikkje blir fanga i eit trongt smaksregime. Eg får nye impulsar og kan lage teater som er farga av ulike miljø, og det eg skaper er ukjent og nytt for smaksdommarane. Kvar gong lagar vi teater basert på nye oppskrifter, og kan mikse erfaringar frå mange og varierte praksisar. Da blir ikkje den neste oppsetjinga ein kopi eller sterkt inspirert av den førre. Eg blir stressa av tanken på at det finst rigide rammer for korleis det blir forventa at eg skal løyse utfordringa som ligg i å skape teaterkunst. Antropolis er til sjuande og sist forteljinga om vår eigen sivilisasjon. Konfliktane i dei antikke legendene liknar forbausande mykje på dei vi strir med i det moderne samfunnet.

#### Tallerkenar som scenografi

Denne gongen har Mina og hennar faste scenograf Andrea Wagner også valt seg eitt materiale som dei arbeider med på scenen. Sist Mina jobba på

teateret fylde granulat heile Scene 2 under *Olje og vatn*. No vil ho gjerne at folk skal donere overfløydige middagstallerkenar frå kjøkkenskåpa sine.

- Andrea jobbar alltid med eitt hovudelement. Til *Antropolis* tenkte vi på kva som er symbolet for menneskeslekta. Og da var svaret mat. Føde. Og keramikk. Det meste som er kjent for oss frå antikken, veit vi ikkje fordi det var ikkje var skrive ned. Det var måla på krukker. Keramikk er noko som eksisterer alle sivilisasjonar. Det er brukt til å ete frå, som handelsvare, men også til å fortelje historier. Det som skil oss frå dyra. Også kunsten å lage keramikk høyrer til menneskeslekta. Det å lage, skape, utvikle desse vakre objekta har vore ei drivkraft gjennom heile historia. Frå leirkrukker, til keramiske kar til ulikt steingods og det forfina porselenet. Tenk på kor mykje kraft vi har vigd til denne kunsten. Og ein liten dytt, og så er det i tusen knas. Det er samstundes så skjørt. Det blir fort farleg, anten du blir treft av det eller må bevege deg i det, så – ja – dette er materialet vi skal bruke. Og det skal kokast på scenen, det blir førebudd og ete mat, kylling. Det blir faktisk eit slags matshow. Etter å ha lært korleis du fyrer opp eit bål i framsyninga *Heil ved* på Det Norske Teatret, kan du no faktisk lære å lage mat på bålet! Buy tickets! seier Mina med ein latter.

# ÅRETS SKOLEREVY 2026

I april ryddar vi Hovudscenen og slepper til ein ambisiøs og heiltent gjeng elevar som har blitt kåra til Årets skolerevy.

**S**kolerevyen er ein institusjon i Oslo, med ei historie som strekker seg heilt tilbake til 1922. Kvart år legg hundrevis av skoleelevar ned hundrevis av timar for å lage den aller beste revyen. Det har vore ein talentfabrikk og arena for rekruttering av scenekunstnarar, komikarar og kulturarbeidarar. For regissør Simen Formoe Hay var det gjennom skolerevyen han oppdaga scenekunsten. Med framsyningar som *Europavisjonar*, *Døden på Oslo S* og *Sagaen om isfolket*, har han begeistra tusenvis av publikummarar dei seinaste åra. Men det var i revymiljøet det heile starta.

- Revyen var den viktigaste sosiale arenaen på vidaregåande skole for meg. Der eg blei kjend med alle moglege folk. I skole-revyen får ungdommen vere så dryge, dårlege, gode, morosame og galne dei vil på ein scene. Dei får styre store budsjett heilt sjølv, og gå på trynet. Og så får dei feste og feire

kor flott det er å gjere noko saman.

Han har sjølv vore både skodespelar og instruktør for revyar i fleire år. I 2014 vann Fossrevyen revyprisen, og premien var å sette opp revyen på Nationaltheatret. Da var Simen instruktør, og det var da han forstod at han ønskte å jobbe med regi. Sjølv om Formoe Hay for lengst har funne vegen inn i den profesjonelle scenekunsten, arbeider han framleis for skolerevyen gjennom Revykavalkaden. Dei har i meir enn 30 år jobba for å styrke skolerevymiljøet på Austlandet.

Kven som blir vinnaren av årets revy 2026, er det ingen som veit enno. Det blir uansett eit show du seint vil gløyme, laga av beinhardt arbeid, blodslit, skyhøge ambisjonar og masse engasjement. Resultatet ser du på Hovudscenen på Det Norske Teatret i april.



Vinnaren av Årets revy 2025 var Blindernrevyen. Kven det blir i år blir klart i april.



**SARA KHORAMI** I ROLLA SOM SALLY BOWLES I

# **CABARET**

**Manus JOE MASTEROFF**

**Musikk JOHN KANDER    Songtekstar FRED EBB**

**PREMIERE 17. OKTOBER 2026**

**Regissør KJERSTI HORN    Koreograf SILAS HENRIKSEN**  
**Musikkansvarleg SVENN ERIK KRISTOFFERSEN    Scenograf SVEN HARALDSSON**  
**Maske- og kostymedesignar PATRICIA SVAJGER    Lyddesignar ERIK HEDIN    Lysdesignar OSCAR UDBYE**

Basert på skodespelet av John van Drufen og historier av Christopher Isherwood.

Opphavleg produsert og regissert ved The New York stage av Harold Prince.

Forlag Nordiska Aps

# Visste du at...



## TEATERBUTIKKEN

I Teaterbutikken kan du kjøpe bøker, handlenett, plakatar, postkort, koppar og T-skjorter. Kva med ein kaps med brodert kjærleik, eller eit kostyme frå ei framsyning du har sett? Ta med deg eit teaterminne heim!



## INNSIKT

Om du ønskjer å fordjupe deg i sesongens repertoar, eller er interessert i bakgrunnsstoff, er Innsikt tingen for deg. Her møter du personar som har noko på hjartet og som kan gi deg noko å tenkje på før teateropplevinga. Introduksjonane er heilt gratis for publikum.



## TEATER FOR SKOLE

Vi utarbeider studiemateriell til spesielt relevante framsyningar, og har billettfond der lærarar kan søke om gratisbillettar til klassen sin. Om du er lærar og ønskjer nyheitsbrev om skoletilbodet vi har, kan du melde deg som teaterkontakt for skole.




## YNGDA

Er du mellom 15 og 25 år kan du sjå teater til 150,- Meld deg inn i Yngda heilt gratis og få billige billettar og andre gode tilbod!



## KAVLI BILLETTFOND

Eit billettfond for ideelle, frivillige og humanitære organisasjonar. Med Kavlifondet ønskjer vi å gi personar som til vanleg ikkje oppsøker teateret moglegheita til det. Sjekk ut om de kan søke!




## UTLEIGE OG ARRANGEMENT

Med store foajéområde er teateret godt eigna for alle typar arrangement, som til dømes kick-off, konferanse, julebord, mottaking, VIP-middag, frukostmøte, prisutdeling og pressekonferanse. Ta kontakt på [utleige@detnorsketeatret.no](mailto:utleige@detnorsketeatret.no)




Språkoppdraget er podkasten der vi utforskar ord, dialekt og språkbruk – og samstundes gir deg eit innblikk i kvardagen på Det Norske Teatret. Her møter du skodespelarar, kunstnarar og andre gjester som deler sine språklege særtrekk, favorittord og språklege dilemma.



## OMVISING

Du kan bestille omvising i teateret før du skal på framsyning. Ta med deg elevane, familien eller jobben og sjå kva som hender i kulissane!



## GÅVEKORT

Gi eit teatergåvekort til ein venn som verkeleg har alt? Det er gyldig i to år, og du kan sjølv velje kva beløp du vil gi.



## SVOLTEN?

I restauranten Bule kan du velje mellom teatermeny, à la carte eller ein enkel bar-meny. Les meir på [bule.no](http://bule.no)



## TILRETTELAGT

Teateret har IR-anlegg for høyrslheemma og rullestolplassar på alle scenane våre. Vi har framsyningar som blir teiknspråktolka og utvalde framsyningar tilrettelagt for publikummarar med særskilde behov. For spørsmål, ta kontakt på [hei@detnorsketeatret.no](mailto:hei@detnorsketeatret.no)



## HALD DEG OPPDATERT – MELD DEG PÅ NYHEITSBREV!

Skann koden eller les meir på [www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)



# HOVUDSCENEN



## EUROPAVISJONAR

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor  
Regissør: Simen Formo Hay  
Frå januar



## DEN UENDELEGE HISTORIA

av Michael Ende  
Regissør: Peer Perez Øian  
Frå januar



## MEDMENNESKE

av Olav Duun  
Regi: Johannes Holmen Dahl  
Premiere 17. januar



## JULEORATORIET

av Göran Tunström  
Regissør: Johannes Holmen Dahl  
Frå januar



## PIPPI PÅ SIRKUS

av Björn Ulvæus, Tilde Björfors og Maria Blom  
Regi: Roine Söderlundh  
Norgespremiere 18. april



## ÅRETS REVY 2026

23. april



## CABARET

Manus av Joe Masteroff  
Musikk av John Kander  
– songtekstar av Fred Ebb  
Regissør: Kjersti Horn  
Koreograf: Silas Henriksen  
Premiere 17. oktober



## JULEROSER

av Herborg Kråkevik  
Regissør: Catrine Telle  
6., 13. og 20. desember

# SCENE 2



## HAUGTUSSA

av Arne Garborg  
Regissørar: Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby  
Frå januar



## FORANDRE SEG: METODE

av Édouard Louis  
Regissør: Kjersti Horn  
Frå januar



## LES MISÉRABLES

basert på romanen av Victor Hugo  
Regissør: Kjersti Horn  
Frå januar



## KOMMUNION

av Lars Norén  
Regissør: Anders T. Andersen  
Norgespremiere 31. januar



## SKODESPELET

av Jon Fosse  
Regissør: Johannes Holmen Dahl  
Frå 11. februar



## DA VI VAR YNGRE

av Oliver Lovrenski  
Regissør: Aksel Hennie  
Frå 21. februar



## ANTROPOLIS

av Roland Schimmelpfennig  
Regissør: Mina Salehpour  
Norgespremiere 25. april



## SUKKER

av Linda Gathu  
Regissør: Linda Gathu  
Frå 6. mai

# SCENE 3



## GJENFERDET INN

av Isabella Hammad  
Regissør: Melanie Mederlind  
Norgespremiere 6. februar



## PALESTINAPROGRAMMET

Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) for program og datoar



## UNNI OG GUNNI MÅLAR

av Anna R. Folkestad  
Regissørar: Julie Moe Sandø og Ina Svenningdal  
Frå januar



Miljøfyrtårn

Ansvarleg utgjevar Det Norske Teatret, Kjersti Horn Redaktør Ida Michaelsen  
I redaksjonen Åsne Dahl Torp, Erlend Tårnesvik Dreiaås Grafisk formgjeving Atosa M. Salekdeh Produksjon Konsis

Sponsorar

